



Tor Gunnar Hillestad

Sakshandsamar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Karen Løvfall Våge	958 24 275	2024/3896-2		30.09.2024

Løyve til spreiring av husdyrgjødsel – 202/2 – delegert vedtak

Søkjær: Tor Gunnar Hillestad
Søknad motteken: 30.09.24

Vedtak

Kvinnherad kommune gjev søkjær utsett frist for å køyra ut husdyrgjødsel til og med 20. oktober 2023. Vedtaket er gjort med heimel i «Forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav § 31» og lokal forskrift § 3. 2 2

Villkår:

Det skal haldast god avstand til vassdrag, for å hindre avrenning av næringsstoff til vassdraga.

Saksutgreiing. På grunn av mykje nedbør i haust, har det vore svært krevjande å få køyrt ut husdyrgjødsel. I tillegg har søkjær hatt havari på traktor. For å sikra nok lagerkapasitet for vinteren vert det søkt om dispensasjon frå forskrift om spreiring av husdyrgjødsel. Der er framleis vekst i enga. Søkjær ber om løyve til utkøyring i oktober.

Forskrift om spreiring av husdyrgjødsel mv Kvinnherad kommune vedteke 14.1.2009:

§3. I tida 1. oktober til 1. november kan spreiring berre skje unntaksvis under spesielle omstende og vêrtilhøve, og ved innvilga løyve etter søknad der det som hovudregel vil bli stilt krav om nedmolding.

Kommunen kan på eige initiativ forby all spreiring i sårbare område, eller under spesielt vanskelege ver- og driftstilhøve for heile eller deler av perioden 1. september-1.november utan krav om anna grunngeving enn det omsynet til forureiningsfare, mark- og miljøskade og nærmiljøulempere tilseier.

Ved melding eller klage på utilbørleg spreiring, t.d. nær hus, hytter, friluft- og opphalds- område mv., eller ved spesielle tilstelningar der gjødselspreiring sjenerer sterkt eller kan medføre skade på grunn og vassforekomst, mistriivsel eller helseskade, kan kommunen påby stans i spreiringa med straksverknad eller innan nærare fastsett frist.

Ut i frå opplysningane som ligg føre, finn vi å kunne gje løyve til spreing, utan krav om nedmolding.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

For kommunedirektøren i Kvinnherad

*Karen Løvfall Våge
Avdelingsleiar næring*

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.